



Boligsenteret Bergen AS
Ervikveien 70B
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4974 - 15/21684

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.06.2015

Ferdigattest - tiltak på gbnr 103/3 Fjellanger.

Administrativt vedtak. Saknr: 239/15

Tiltakshavar: Lise Hodnekvam og Roger Olsvik
Ansvarleg søkjar: Boligsenteret Bergen AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.06.2014 og 14.10.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.05.2015 supplert 10.06.2015.

Skildring

Adresse:	Fjellangersvingane 206
Bygningstiltak:	Riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt
Bygningsnummer:	176 240 474 - våningshus som er rive 300 503 328 - nytt våningshus
Bruksareal:	239 m2
Avlaup:	Privat avlaupsanlegg – Biovac reinseanlegg
Vatn:	Privat vassforsyning - borehol
Tal på røykløp:	1

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny med tilhøyrande anlegg på gbnr 103/3.



Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4974

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lise Hodnekvam og Roger Olsvik

Fjellangersvingane 5955
206

LINDÅS

Mottakarar:

Boligsenteret Bergen AS

Ervikveien 70B 5106

ØVRE ERVIK